



Seim Eiendomsutvikling AS  
Nesbrekka 28  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/1488 - 19/17461

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
Anngunn.Gullbra@meland.kommune.no

Dato:  
04.06.2019

## Godkjenning av seksjonering gbnr 172/201

**Administrativt vedtak. Saknr: 327/19**

### Saksutgreiing:

Kommunen har motteke søknad om seksjonering av eigedommen gbnr 172/201 i Lindås, med adressene Fuglevikvegen 32A, 32B, 32C og 32D.

På eigedommen er det godkjent 4-mannsbustad i 3 etasjar, med 4 likeverdige bueiningar. Kvar bueiningar går over 1 etasje, med ½ etasje på kvar seksjon. Dei 4 bueiningane har kvar sin tilleggsdel med garasje og sportsbod i underetasjen.

Alt areal på eigedommen utanfor bygningskroppar er registrert som fellesareal for dei 4 seksjonane i matrikkelen.

Det er avsatt tilstrekkeleg areal til parkering på eigedommen.

Det er utarbeidd og lagt ved forslag til vedtekter for sameiet Fuglevikvegen 32, gbnr 172/201 i Lindås kommune.

### Vurdering:

Søknad om seksjonering er i 3 eksemplar og har fylgjande vedlegg:

- Kommunen har utarbeida situasjonskart som viser eigedomsgrensene, adresser og seksjonsnummer. Kart var ikkje lagt ved søknaden.
- Planteikningar av 4-mannsbustad i 3 etasjar der seksjonsnummera og type rom er påskrive- 3 vedlegg.



- Vedtekter for sameiet Fuglevikvegen 32, som oppfyller minstekravet til slike vedtekter.
- Eigar er Seim Eiendomsutvikling AS og søknaden er signert og sendt inn av styrets nestleder Bente Skare Seim som har signaturrett.

Etter gjennomgang av søknad med vedlegg, finn ein at søknaden stettar vilkåra i Lov om eigarseksjonar §7.

## Vedtak

Lindås kommune godkjenner, i medhald av §13 i Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65, søknad om oppdeling i 4 eigarseksjonar for gbnr 172/201 i Lindås, sameiet Fuglevikvegen 32, på grunnlag av søknad med vedlegga situasjonskart, planteikningar og vedtekter.

Seksjonane 1 – 4 er likeverdige bustadseksjonar med sameigebrøken 1/4 kvar. Seksjonane er klart avgrensa i høve til kvarandre med delevegg og etasjeskilje mellom dei. Seksjonane 2 og 3 ligg i 1. etasje og seksjonane 1 og 4 ligg i 2. etasje. Seksjonane har tilleggsdel med garasje og sportsboder i underetasjen.

Det er avsatt tilstrekkeleg areal til parkering på eigedommen.

Seksjoneringa av eigedommen gbnr 172/201 er godkjent og ført i matrikkelen. Seksjoneringa vert sendt til tinglysing når klagefristen på 3 veker er ute, jmf Eigarseksjonslova §§ 16 og 17.

\*\*\*\*\*

Klage:

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf Kommuneloven §23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Føreliggjande vedtak er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl, §27b.

Gebyr:

Det er fastsatt gebyr i medhald av § 15 i Lov om eigarseksjonar. Etter Lindås kommune sitt gebyrregulativ for handsaming etter Lov om eigarseksjonar pkt 14.1.1 er gebyret for 2 seksjonar kr 7250,- + tinglygingsgebyr kr 525,-

Med helsing

Tommy Veland  
avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå  
Avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om seksjonering med vedlegg gbnr 172-201

**Mottakarar:**

Seim Eiendomsutvikling AS

Nesbrekka 28

5912

SEIM